



Samhandlingsstrategi mellom kommunane i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal HF

2019-2022

1 Innhald

1	BAKGRUNN	3
1.1	Utviklingsplan Helse Møre og Romsdal HF 2019-2022 (2035).....	3
1.2	Innføring av Helseplattforma	4
1.3	Møteplass Møre og Romsdal.....	4
2	FORMÅL	5
3	GJENNOMFØRING OG FORANKRING	5
4	STRATEGIPERIODENS MÅLSETTING OG INNSATSOMRÅDE	6
5	REFERANSER	10

Visjon: Samhandling for å utvikle pasienten sitt helsevesen i Møre og Romsdal

1 Bakgrunn

Samhandlingsreformen er ei samfunnsreform som har gitt kommunane ei viktigare rolle når det gjeld å sørge for nødvendige helse- og omsorgstenester til innbygarane.

Intensjonen er både å styrke kvaliteten på helsetenester og fleire helsetenester nærmare der folk bur. Dei lovpålagte Samhandlingsavtalane (sist revidert 29.04.2015) skal bidra til å konkretisere oppgave- og ansvarsfordelinga mellom kommunane i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal HF. Kvaliteten og kapasiteten på tenestene i kommunane er avgjerande for etterspurnaden etter spesialisthelsetenester. Desse avtalane er under revisjon.

Reformen er eit nasjonalt prioritert område, der hovudmålet er ei betre utnytting av dei samla ressursane, fokus på å forbygge og begrense sjukdom og meir helskaplege pasientforløp. Utfordrings – og målbiletet er vidareført i primærhelsemeldinga (Meld.St.26, 2014-2015). I arbeidet med denne meldinga er behovet for kompetanse, brukarmedverknad og det å snu fokuset frå «kva feiler det deg» til «kva er viktig for deg» særlig løfta fram.

Nasjonal helse- og sykehusplan (2016-2019) skildrar og drøftar utviklingstrekk ved spesialisthelsetenesta, som føreset tett samhandling mellom kommunehelsetenesta og helseføretaket. Framtidsbiletet er prega av at tal utfordringar veks og knappheit på ressursar gjer at det er fleire oppgåver som ein i større grad må løyse saman. Det er grunn til å tru at ein samarbeidskultur som er prega av at både spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta er opptatt av heilskaplege behandlingstilbod på tvers av nivåa, vil kunne gi betre helsetenester til befolkninga.

1.1 Utviklingsplan Helse Møre og Romsdal HF 2019-2022 (2035)

For å operasjonalisere Nasjonal helse- og sykehusplan fekk Helse Møre og Romsdal HF i føretaksmøte 2. juni 2016 i oppdrag å utarbeide ein [utviklingsplan](#).

Formålet med Utviklingsplanen er å gi ei samla retning for dei viktigaste innsatsfaktorane (kompetanse, samhandling, organisering, bygg mm), for å understøtte mål om god og framtidsetta pasientbehandling og god bruk av ressursar.

Utviklingsplanarbeidet vart organisert med eit eige samhandlingsperspektiv, for å sikre heilskapleg og gjensidig planlegging. I samhandlingsperspektivet gjekk kommunane og Helse Møre og Romsdal HF saman om å identifiserte og prioritert dei viktigaste utviklingsområda som ein må satse på i lag for planperioden.

Følgjande område vart løfta fram i Samhandlingsperspektivet;

- Barn og unge
- Barnebliksatsinga
- Prioritere psykisk helsevern og rusbehandling
- Styrking av akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus
- Nok helsepersonell med rett kompetanse/FIUK¹
- Framtidsretta pasientforløp for den eldre multisjuka pasient

Det er utarbeida [delrapportar](#) for dei ulike innsatsområda, med mål og tiltak for planperioden².

Som del av implementeringsarbeidet og for å sikre samsvar mellom samhandlingsperspektivet i Utviklingsplanen og gjeldande Samhandlingsstrategi, er det gjennomført ein integrasjon og revisjon av Samhandlingsstrategi 2016-2018, for ny planperiode 2019-2022

1.2 Innføring av Helseplattforma

Helseplattforma skal anskaffe og innføre ny, felles pasientjournal (PAS/EPJ) for heile helsetenesten i Midt-Norge. Journalen setter pasienten i sentrum på alle nivå.

Det er første gong det blir etablert ei felles løysing for kommunehelsetenesten og spesialisthelsetenesten, fastlegar og avtalespesialistar. Gjennom Helseplattforma er Midt-Norge regional utprøvsarena for det nasjonale målbildet «Én innbygger - én journal». Helseplattforma eiges av Helse Midt-Norge RHF og Trondheim kommune. Alle kommuner i Midt-Norge har skrevet under ein opsjonsavtale som gir kommunane mulegheit til å ta i bruk den valgte løysinga uten å gjennomgå ein ny offentlig anskaffelse.

Helseplattformen skal gi auka kvalitet i pasientbehandling, bedre pasientsikkerhet, meir brukervennlege systemer og dermed sette helsepersonell i stand til å utføre sine oppgåver på ein bedre og meir effektiv måte.

Alle sjukehusa i regionen skal ta i bruk Helseplattforma, det betyr at alle kommunane må forhalde seg til den nye løysinga uavhengig av om dei utløser opsjonen sin eller ikkje.

1.3 Møteplass Møre og Romsdal

Formålet med etablering av Møteplass Møre og Romsdal er å skape ein arena for å vidareutvikle medisinsk samhandling mellom spesialisthelsetenesten og legar utanfor sjukehus. Samhandling er oppgåvefordeling mellom pasient, behandlarar i kommunane og behandlarar i spesialisthelsetenesta. God oppgåvefordeling handlar om pasienttryggleik. Målet med oppgåvefordeling er å skape hensiktsmessig arbeidsfordeling for å utnytte dei faglege- og økonomiske ressursane på best mogleg måte. Pasienten sitt beste skal vere førande for oppgåvefordelinga. I Møre og Romsdal har vi hatt ein kultur for godt samarbeid mellom behandlarar på og utanfor sjukehusa. Vi ønskjer no å formalisere dette samarbeidet. Det er viktig å vidareføre det som fungerer og justere det som kan bli betre. Det er utforma eigne retningslinjer for å sikre god samhandling mellom behandlarar i kommunane og Helse Møre og Romsdal.

¹ Nok helsepersonell med rett kompetanse er integrert med helseføretaket si satsing med *forskning, innovasjon, utdanning og kompetanseutvikling* (FIUK).

² For alle områda utan FIUK og Barnebliksatsinga, er det tidlegare utarbeida handlingsplanar som del av Samhandlingsstrategi 2016-2018. Arbeidet med delrapportane knytt til desse områda har vore ei vidareføring av dette arbeidet.

2 Formål

Med bakgrunn i visjonen om å utvikle pasienten sitt helsevesen i Møre og Romsdal, er hovudmålsettinga for strategiperioden 2016-2018 framleis gjeldande ved rullering av strategiplan for perioden 2019-2022. Samstundes blir det med bakgrunn i utfordringsbilete og ressursknappheit, viktig å rette inn tiltak for å sikre god bruk av ressursar.

Formålet med samhandlingsstrategien er å understøtte iverksetting av Samhandlingsavtalen og bidra til å realisere nasjonale mål om pasienten si helseteneste og god pasientbehandling.

3 Gjennomføring og forankring

Følgjande skal ligge til grunn;

- Realisering av samhandlingsstrategien skal bygge på tillit og likeverd mellom partane
- Etablerte fagråd/utval/arbeidsgrupper har i mandat å utarbeide handlingsplanar med mål og tiltak for planperioden, koordinere gjennomføring av tiltak og aktivitetar og understøtte framdrift i arbeidet
- Målsetting og tiltak med og utan ressursmessige konsekvensar må forankrast hos leiing på alle nivå
- Samhandlingsstrategien må sjåast i samanheng med neste revisjon av Samhandlingsavtalen³, der ein ser handlingsplanane som verkty for å operasjonalisere samhandlinga som blir nedfelt i justerte delavtalar/retningslinjer
- Rapportering og evaluering er ein føresetnad for å vurdere mål og effekt av tiltak til dei ulike innsatsområda og må inngå som ein del av handlingsplanane og gjennom årleg melding til Overordna samhandlingsutval
- Ein legger opp til rullering i samsvar med revisjon av Utviklingsplan, kvart fjerde år, med mulegheit for rullering av strategien oftare om det skulle bli behov for det. Ein må også vurdere behov for rullering av strategien etter revisjon av Samhandlingsavtalen

³ Samhandlingsavtalen skal reviderast tentativt ila 2018-2019. ([Sak 2017/37](#), [Sak 2017/38](#)).

4 Strategiperiodens målsetting og innsatsområde

For strategiperioden er det satt opp eit hovudmål med tilhøyrande innsatsområder, slik det går fram i tabell under.

Mål:

«Heilskaplege pasientforløp med rett bruk av ressursar på rett nivå»

Innsatsområde	Delavtale	Innhald	Ansvarleg
1		Samhandlingsavtale Følgje opp forpliktinga i vedtatt Samhandlingsavtale	Leiing HMR/leiing kommuner
2		Prioriterte satsingsområde <ol style="list-style-type: none"> 1. Barn og unge 2. Barneblikk 3. Prioritere psykisk helsevern og rusbehandling 4. Styrking av akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus 5. Nok helsepersonell med rett kompetanse/FIUK 6. Framtidsretta pasientforløp for den eldre multisjuka pasient 	Arbeidsgrupper/ utval/ leiing HMR og leiing kommuner
2.1	2, 3a, 3b, 5a,5b, 6, 10	Barn og unge Satsingsområde: <ul style="list-style-type: none"> • God kvalitet på samhandling mellom kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta for barn og ungdom <ul style="list-style-type: none"> • Etablering av læringsnettverk med representasjon frå kommunar frå Sunnmøre, Romsdal, Nordmøre med fokus på samarbeid/samhandling • Implementering av «Samordning av hjelpetilbud barn og unge» («Kvalitet i alle ledd») og «Mission Possible» • Behov for eigen samhandlingsavtale med fokus barn og unge mellom kommunane i Møre og Romsdal og HMR, herunder: <ul style="list-style-type: none"> • Retningslinjer som konkretiserar ansvar for samhandling og koordinert oppfølging av pasienten innad i spesialisthelsetenesta, innad i kommuner og mellom nivåene, jfr. nytt pakkeforløp - psykisk helsevern for barn og unge • etablering av teknologiske lønsninger (skype utstyr) som forenkler samhandling når ambulant virksomheit kan bli erstatta av videobasert deltaking i møtesamanheng • Etablering av faste møtepunkt på leiarnivå mellom kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta for barn og ungdom <p>Delrapport/handlingsplan</p>	Klinisk samhandlingsutval for barn og unge, leiing HMR og leiing kommuner
2.2	2, 6, 10	Barneblikk Satsingsområde: <ul style="list-style-type: none"> • Tverrfagleg forankring 	Styringsgruppe med leiing HMR, Fylkesmannen MR og

		<ul style="list-style-type: none"> • Geografisk spreiring • Kompetanseheving • Kommunikasjon • Ambulant verksemd • Brukarmedverknad • Tidleg innsats • Finansiering <p>Delrapport/handlingsplan</p> <p>https://helse-mr.no/fag-og-forskning/samhandling/barneblikk</p>	kommuner
2.3	2, 3b,5b, 6, 10	<p>Prioritere psykisk helsevern og rusbehandling (TSB)</p> <p>Satsingsområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Understøtte Iverksetting av pakkeforløp innafor rus og psykisk helse • Likeverdig behandling uavhenging av kva kommune du bur i • Oppgaveoverføring frå spesialisthelsetenesta til kommunane • Pasientar med samansette psykiske- og rusrelaterte lidingar • Helsefremmande og førebyggjande tiltak <p>Delrapport/handlingsplan</p>	Arbeidsgruppe, leiing HMR og leiing kommuner
2.4a	4, 11	<p>Styrking av akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus</p> <p>Satsingsområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Forpliktande samarbeid mellom kommunane og HMR konkretisert i samhandlingsavtalen • Etablere samarbeidsorgan, vurdere opp mot dei fire store legevaktene • Vurdere samlokalisering av legevakt, ØHD/KAD og ambulansestasjonar • Kompenserande tiltak for å sikre lokal beredskap • Differensiere transporttilbodet for hensiktsmessig ressursutnytting • Langsiktige avtalar med beredskapsferjer og lokalisering av ambulansebåter • Felles kommunikasjons-verkty <p>Delrapport/handlingsplan</p>	Akuttutval, leiing HMR og leiing kommuner
2.4b	11	<p>Omforente beredskapsplanar</p> <p>Viser til handlingsplan med tiltak for samarbeid innan krise- og katastrofeberedskap</p>	Akuttutval, leiing HMR og leiing kommuner
2.5	6, 7	<p>Nok helsepersonell med rett kompetanse/FIUK</p> <p>Satsingsområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Forsking • Innovasjon • Utdanning • Kompetanseutvikling <p>Delrapport/handlingsplan</p>	Arbeidsgrupper, leiing HMR og kommuner

2.6	2, 3ab, 4, 5ab, 6, 10	<p>Framtidsretta pasientforløp for den eldre multisjuka pasient</p> <p>Satsingsområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utforme systematikk og struktur i oppfølginga av pasientane i målgruppa • Sikre overgangane mellom tenestenivåa • Endring av fokus, frå «kva er i vegen med deg», til «kva er viktig for deg» <p>Delrapport/handlingsplan</p>	Styringsgruppe (OSU), ressursgruppe og leiing HMR og kommuner
3	2, 3 ab, 5ab	<p>Innføring av palliativ plan i Møre og Romsdal</p> <p>Satsingsområder:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Informasjon om verktøyet palliativ plan og målgruppe. • Kontinuerleg evaluering og forbetring av elektronisk verktøy <p>Handlingsplan</p> <p>Meir informasjon om palliativ plan</p>	Ressursgruppe, leiing HMR og kommuner
4	2	<p>Koordinerande einingar, Individuell plan og koordinator</p> <p>Handlingsplan</p>	Ressursgruppe, leiing HMR og kommuner
5	2	<p>Ivareta barn som pårørende i pasientforløp</p> <p>*Vurdere å etablere samarbeidsstrukturar mellom HMR og kommuner for å ivareta barn som pårørende i pasientforløpa. Det er ikkje utarbeida felles handlingsplan</p>	Leiing HMR og kommuner
6	2 og 6	<p>Pårørende og pasientopplæring</p> <p>Satsingsområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Styrke opplæring av pasientar og pårørende. • Auke kompetansen innan opplæring av pasientar og pårørende i spesialisthelsetenesta og kommunane • Arbeide kunnskapsbasert og nytte teknologi som gjer opplæring for pasientar og pårørende meir tilgjengeleg • Styrke samarbeidet om opplæring av pasientar og pårørende med brukarorganisasjonane, kommunane og andre aktørar <p>LMS HMR har utarbeida handlingsplan for 2017-2019</p>	Lærings- og meistringssenteret HMR i samarbeid med kommunane
7	4	<p>Kommunal øyeblikkelig hjelp</p> <ul style="list-style-type: none"> • Understøtte og følgje opp kommunale øyeblikkeleg hjelp døgnstilbod (ØHD/KAD) for å redusere tal innleggingar i sjukehus • Ved revisjon av Samhandlingsavtalen, bør det vurderast at delavtale 4 inngår i delavtale 11 • Utarbeide mål og tiltak som del av plan for å styrke dei akuttmedisinske tenestane utanfor sjukehus 	Akuttutval, leiing HMR og kommuner
8	8	<p>Samarbeid om svangerskaps, fødsels-, og barselomsorg</p> <p>Medverke for å sikre oppfølging av plikter, oppgåver og ansvar skildra i delavtalen</p> <p>Handlingsplan må utarbeidast</p>	Klinisk samhandlingsutval for svangerskaps,- fødsels- og barselomsorg/leiing HMR og kommuner
9	9	<p>Digital samhandling</p> <p>Førebuing innføring av Helseplattforma</p>	Fagråd digital samhandling Møre

		Handlingsplan er under revisjon	og Romsdal, leiing HMR og kommuner
10	9	Innføring av Helseplattformen. <ul style="list-style-type: none"> • Etablering av fylkeskontor i Møre og Romsdal • Utforming av handlingsplan for innføring av Helseplattformen 	Leiing Helse Midt – Norge, Trondheim kommune. Vurdere og avklare i høve til etablering og drift av fylkeskontor i Møre og Romsdal
11		Etablering av Møteplass Møre og Romsdal ved å iverksette retningslinene, herunder <ul style="list-style-type: none"> • Det er avtalt mellom 1. linje og 2.linje om kven som har ansvar i dei ulike delane av pasientforløpet. • Det er avtalt korleis ein samarbeider og informerer kvarandre • Det er avtalt korleis ein involverer og samarbeider med pasientane 	Behandlarar i kommune og helseføretak
11		Behov for finansiering av fellesområder: <ul style="list-style-type: none"> • Utvikling av samhandlingsbarometer • Felles web – løsnig, utvikling av «samhandlingssider» 	RHF/HF/kommunane

5 Referanser

- Helse Møre og Romsdal HF.(2015): Samhandlingsavtale mellom kommunene og Helse Møre og Romsdal HF. <https://helse-mr.no/Documents/Samhandlingsavtale%202015%20.pdf>
- Helse Møre og Romsdal HF. (2016): Samhandlingsstrategi Møre og Romsdal 2016-2018. <https://helse-mr.no/Documents/Samhandlingsstrategi%20Møre%20og%20Romsdal%202016-2018.pdf>
- Helse Møre og Romsdal HF. (2017). *Rapport Barneblikk*. <https://helse-mr.no/seksjon/dokument/Documents/Utviklingsplan/Rapportar/Sak%202017-62%20-%20Vedlegg%201-03%20-%20Rapport%20-%20%20Barneblikk.pdf>
- Helse Møre og Romsdal HF. (2017). *Rapport Barn og unge*. <https://helse-mr.no/seksjon/dokument/Documents/Utviklingsplan/Rapportar/Sak%202017-62%20-%20Vedlegg%201-03%20-%20Rapport%20-%20%20Barneblikk.pdf>
- Helse Møre og Romsdal HF. (2017). *Rapport FIUK. Forsking, Innovasjon, Utdanning og Kompetanse*. https://helse-mr.no/seksjon/dokument/Documents/Utviklingsplan/Rapportar/FIUK-planen%202018-2022_rev2.pdf
- Helse Møre og Romsdal HF. (2017). *Rapport framtidsetta pasientforløp for den eldre multisjuka pasient*. <https://helse-mr.no/seksjon/dokument/Documents/Utviklingsplan/Rapportar/Framtidsetta%20pasientforløp%20for%20den%20eldre%20multisjuka%20pasient.pdf>
- Helse Møre og Romsdal HF. (2017). *Rapport prioritere psykisk helsevern og rusbehandling*. <https://helse-mr.no/seksjon/dokument/Documents/Utviklingsplan/Rapportar/Sak%202017-62%20-%20Vedlegg%201-04%20-%20Rapport%20-%20Prioriterte%20omr%20a5der%20for%20psykisk%20helse%20og%20rusbehandling%20%28TSB%29.pdf>
- Helse Møre og Romsdal HF. (2017). *Rapport styrking av akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus*. <https://helse-mr.no/seksjon/dokument/Documents/Utviklingsplan/Rapportar/AKUTTMED%20Ferdig%20rapport%20arbeidsgruppe%20akuttmedisinske%20tenester%20utenfor%20sjukehus-h%20c3%b8ringsjustert.pdf>
- Helse Møre og Romsdal HF. (2017): Sak 2017/37. Evaluering av Samhandlingsavtalen i Møre og Romsdal – tilråding vidare prosess. <https://ekstranett.helse-midt.no/1011/samhandl-utval/Sakspapirer/Sak%202017-37%20Evaluering%20av%20Samh.-avtalen%20-%20tilråding.pdf>
- Helse Møre og Romsdal HF. (2017): Sak 2017/38. Samansetting av forhandlingsutval for revisjon av Samhandlingsavtalen. <https://ekstranett.helse-midt.no/1011/samhandl-utval/Sakspapirer/Sak%202017-38%20Forhandlingsutval%20-Samh.-avtalen.pdf>
- Helse Møre og Romsdal HF. (2018): Utviklingsplan Helse Møre og Romsdal HF 2019-2022 (2035). [https://helse-mr.no/seksjon/dokument/Documents/Utviklingsplan/Sak%202018-06%20-%20Vedlegg%2001%20-%20Utviklingsplan%20for%20Helse%20Møre%20og%20Romsdal%20HF%20-%202019-2022%20\(2035\).pdf](https://helse-mr.no/seksjon/dokument/Documents/Utviklingsplan/Sak%202018-06%20-%20Vedlegg%2001%20-%20Utviklingsplan%20for%20Helse%20Møre%20og%20Romsdal%20HF%20-%202019-2022%20(2035).pdf)
- St.meld.nr.11. (2016-2019): Nasjonal helse- og sykehusplan <https://www.regjeringen.no/no/tema/helse-og-omsorg/sykehus/nasjonale-helse-og-sykehusplan2/id2461509/>
- St.meld.nr.26. (2014-2015): Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-26-2014-2015/id2409890/>